

Referat styremøte 13/8

Sak 1 – Satsing A lag

A laget ligger på delt fyrsteplass i 4 divisjon. Det blei diskutert fordeler og bakdeler ved eit eventuelt opprykk. Å ha eit godt A lag vil alltid vera positivt for dei yngre i klubben men ikkje for

ein kvar pris. A laget har sin egen økonomi/skaffer sine egne inntekter og ein auka satsing vil soleis ikkje gå utover barnefotballen

VEDTAK: A laget satser so mykje dei har dekning for. Alle utgifter må dei dekke sjølv

Sak 2 – Styreinvolvering

Det har vore enkelte styremøter med få deltakarar.

VEDTAK: Alle gjev tidleg beskjed om dei kan eller ikkje. Er det mange som ikkje kan vert det endra dato for styremøte

Sak 3 – Forsvunne PC / Printer

Det er forsvunnet ein innkjøpt PC og printer.

VEDTAK: Styret reknar dette som tapt og vil eventuelt erstatte desse ved behov

Sak 4 – Badeandløp.

Øystese Fotball har fått kritikk for å ikkje rydde opp alle endene etter badeandløp. Badeandløpet sørger for ca 10-15000 i inntekter til barnefotballen. Øystese fotball har ein plan både for gjennomføring av badeandeløpet og rydding i etterkant. Denne fungerte desverre ikke helt optimalt i år da ikke alle som var satt opp på denne dugnadsøkten møtte opp. Me satser på at planen fungerer til neste år

VEDTAK: Øystese Fotballklubb arrangerer badeandløp i samband med ØysteseCup også i 2018

Sak 5 - Foreldregruppa rundt g14 ynskjer å ha eit samarbeidslag med Norheimsund sitt g14. Denne saka var oppe på sist styremøte også. Då sa styret "–Styret er positiv til dette men ynskjer å endre på forslaget til foreldregruppa av to grunner 1 – Ein kan ikkje låse ei gruppe i fleire år framover, sjølv om det kan vera beste løysingen med samarbeidslag også i 2018 må dette også vurderast opp mot g16 i 2018. Ein har derfor samarbeidslag no i haust og evaluerer etter sesongen. 2 – Ein kan ikkje la eit lag

styre hospiteringa på sitt nivå. Det vil vera å spele ein sportssjef heilt ut på sidelinja og ikkje heldig for hospiteringa som heilhet i klubben»

Etter tilbakemelding frå Norheimsund endrer ein på punkt 1. Ein kan låse gruppa til 2018 under føresetnad at ein klarer å stille lag for 2002 modellene i 2018. Enten ved å bruke eit par av 2003 modellene eller å samarbeide med 2002 i Norheimsund. Punkt 2 står som det står. Hospitering i Øystese vert styrt av sportssjef

VEDTAK: Ny samarbeidsavtale vert signert av styreleiar og sendt Norheimsund

Sak 6 – Hospitering

Enkelte har etterlyst kamper for sine hospitanter. Enkelte har etterlyst haldningskontrakter

VEDTAK: Sportssjef lager ein oversikt over hospitanter og sørger for at alle får haldningskontrakter og at alle hospitantene følger samme retningslinjer som sportsplanen gjev